

Søknad

Søknadsnr.	2019-0257	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Sogn for alle - integrering og inkludering			

Kort beskrivelse

Sogn regionråd vil gjennomføre prosjektet Sogn for alle. Innvandrere representerer ein viktig ressurs som regionen treng for å dekke behovet for arbeidskraft og vekst i næringslivet, og for å oppretthalde og styrke folketalsutviklinga. Formålet med prosjektet er å få flere innvandrere til å bli buande i Sogn gjennom sysselsetjing, fellesskap og gode buforhold. Ei vellukka integrering vil kreve innsats og samhandling frå offentleg og privat næringsliv og frivillig sektor.

Prosjektbeskrivelse

Gjennom prosjektet "Sogn for alle" vil vi å jobba heilskapleg med integrering for å få innvandrere til å bli buande i Sogn. Slik kan vi betre bustadattraktiviteten og få auka folketal i regionen. Fakta viser at Sogn busett i gjennomsnitt fleire flyktningar pr. innbyggjar enn i landet elles. Men delen busette innvandrere er lågare i vår region enn i landet elles. Også delen sysselsette innvandrere ligg under landsgjennomsnittet, og kan vera ein faktor for å forklare kvifor innvandrere flyttar ut av regionen. Nær halvparten av unge innvandrere (16-25 år) i Sogn er ikkje i arbeid eller utdanning (SSB).

Kommunane sitt arbeid er i stor grad retta mot flyktningar. I prosjektet "Sogn for alle" vil arbeidet også vera retta mot innvandrere. I prosjektet ønskjer vi at innvandrere skal få brukt sine ressursar i arbeids- og samfunnsliv meir enn til no. Slik kan vi skape vekst i arbeidsplassar og god folketalsutvikling. Regionen treng innvandrere som ressurs for å dekke behovet for arbeidskraft og for gode lokalsamfunn. Med innvandrere meiner vi arbeidsinnvandrere, flyktningar og familiegjenforeningar.

Regionrådet ønskjer eit sterkare regionalt samarbeid for auka integrering. Vi har erfaringar frå utviklingsarbeid innan andre område at samarbeid gir meirverdi. Desse erfaringane tek vi med i Sogn for alle-prosjektet. Gjennom eit styrka regionalt samarbeid ønskjer vi å løfta inkluderingsarbeidet.

Eit regionalt samarbeid vil byggje på det som er etablert og skape ny utvikling i forlenginga av det. For å lukkast vil det krevja innsats frå mange aktørar i næringsliv, frivillig sektor og kommunane. Vi ønskjer å jobba heilskapleg og trekke enno meir med frivilligheita og arbeidsgjevarane. Dette vil vera eit tidkrevjande arbeid som prosjektleiar kan koordinera og vera ein drivar for å få til.

Prosjektleiar vil ha utstrakt kontakt med næringsliv, kommunar og frivillig sektor. Kontaktperson i kommunane vil bidra med stillingsressurs på minimum 10% kvar.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Sogn regionråd Org.nr:974814439	Gravensteinsgata 17 6856 SOGNDAL	90830284
Kontakt- person	Karina Nerland	Gravensteinsgata 17 6856 SOGNDAL	90830284
Prosjekt- leder	Sogn regionråd	Gravensteinsgata 17 6856 SOGNDAL	-

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling i 2016 kr 50 000 til Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap til prosjektet Entreprenøriell verktøykasse.

Det er søkt om tilskot til nærings- og samfunnsutvikling til prosjektet om profil- og merkevarebygging i Sogn.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har integrering og inkludering som eitt av ti satsingsområde i regionalplanen for 2017-2020. Rådet har som strategi at vi skal vera pådrivar for at aktørane i inkluderingsarbeidet samarbeider i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Innvandrarar som kjem til Sogn representerer ein viktig ressurs som regionen treng for å dekke behovet for arbeidskraft og vekst i næringslivet, og for å oppretthalde og styrke folketalsutviklinga. Formålet med prosjektet «Sogn for alle» er å få fleire innvandrarar til å bli buande i Sogn gjennom sysselsetjing, fellesskap, tilhøyrighet og gode buforhold.

I regional analyse for Sogn og Fjordane (2019) peikar Telemarksforsking på at fylket har høg verdiskaping, og har gode tal for produktivitet og lønsemd, men at vi har ein jobb å gjera når det gjeld vekst i tal arbeidsplassar og nye innbyggjarar. Både innflyttinga og fødselstala er for låge. Vi har høg verdiskaping, men vi må jobba med bustadattraktiviteten.

I analysen for Sogn (2016) trekkjer Telemarksforsking fram at vi har eit potensial for å betre bustadattraktiviteten og få høgare folketalsvekst. Dei meiner at for å forbetra attraktiviteten må vi arbeida annleis enn tidlegare, og dette kan ikkje kommunen eller regionale offentlege instansar gjera åleine. Dette må vi gjere i eit samarbeid med det offentlege, næringslivet, frivillige og befolkninga.

Prosjektet skal sikra at innvandarressursane blir verande i Sogn og bidra til verdiskaping og vekst i regionen. For å få dette til må arbeidsgjevarar satsa på innvandrarar og sleppe dei inn i arbeidslivet. Kunnskap, kompetanse og leiingsfokus blir viktige faktorar i dette arbeidet. Gjennom prosjektet ønskjer vi å utvikle ein god og effektiv praksis for integrering og inkludering av innvandrarar i næringslivet og lokalsamfunnet.

Prosjekt mål

Hovudmålet med prosjektet "Sogn for alle" er å sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarakar. Føremålet med "Sogn for alle" er å få fleire innvandrarakar til å bli buande i Sogn gjennom sysselsetjing, fellesskap, tilhøyrigheit og gode buforhold.

Forankring

Integrering og inkludering er eitt av satsingsområda i regionalplanen for Sogn regionråd 2017 – 2020. Regionrådet og kommunane har vedteke den fireårige regionalplanen, og rådet vedtek årleg handlingsplanen.

Rådet sette hausten 2018 av midlar for å stake ut kursen for det regionale integreringsarbeidet. Det vart nedsett ei arbeidsgruppe med deltakarar frå kommunane for å drøfta utfordringar, regionale samarbeidsformer og innhald til seminar og utviklingsarbeidet.

Regionrådet samarbeidde med Distriktsenteret om møta i arbeidsgruppa og arbeidsseminaret for næringsliv, kommunar og frivillig sektor. Dette la grunnlaget for vidare utviklingsarbeid og prosjektplan.

I møtet 14. juni 2019 vedtok Sogn regionråd å gjennomføra prosjektet "Sogn for alle". Prosjektet blir handsama i kommunane for å sikra politisk og administrativ forankring.

Prosjektorganisering

Prosjektet er eigd av Sogn regionråd. Prosjektet vil bli leia av ein prosjektleiar og styringsgruppe. Styringsgruppa vil bli sett saman av representantar frå kommunane (rådmann, flyktingteneste, næringsapparat), rådsleiar og –sekretariatet, og vi vil invitera med frivillige organisasjonar, næringsliv, NAV og fylkeskommunen (vidaregåande skule og næringsavdelinga).

Prosjektleiar vil ha det tverrfaglege ansvaret, og ha utstrakt kontakt med kommunar, næringsliv og frivillig sektor. Kontaktpersonane i dei sju kommunane vil bidra med stillingsressurs på minimum 10% kvar.

Samarbeidspartnere

Utvikling er eit langsiktig arbeid, som krev både tid, tålmod, kunnskap og engasjement. Vellukka utvikling fordrar at eigar og leiing er aktivt involvert og eig prosjektet. Frivillig sektor, næringsliv og offentleg sektor vil vera samarbeidspartar. Brei deltaking i styringsgruppa styrkar føresetnaden for suksess med prosjektet. Kwart delprosjekt vil bli leia av eit medlem i styringsgruppa, og vil jobba saman med ressursgruppa som blir oppnemnt for kvart fagområde.

Distriktsenteret har vore med frå arbeidet starta hausten 2018. Dei har bidrege med kunnskap og erfaringar frå andre stader og kva som virkar, og vil bli invitert til å vera med i fortsetjinga.

Aktivitetar

Prosjektet har sju arbeidspakker med følgjande mål og tiltak:

1. Oppstart og etablering: Mål: Etablering av ein effektiv prosjektstruktur.
2. Identifisera ressursar og behov. Mål: Identifisera og kopla behov og ressursar, og lage grunnlag for prioriterte satsingsområde.

3. Språk og samfunn. Mål: Gode språkkunnskaper og god samfunnsforståing. Tiltaka er retta mot a) barnehage, b) grunn- og c) vidaregåande skule og d) vaksne/arbeid.

4. Arbeid. Mål: Fleire innvandrara inn i arbeidslivet.

Tiltak:

- a) etablerartiltak for arbeidsinnvandrara i brakkebyar
- b) auka vilje og tryggleik hos arbeidsgjevarar for fleire tilsetjingar av innvandrara
- c) oppfølging av innvandrara i korte engasjement
- d) arbeidstrening og praksisplassar
- e) hurtigsporet og samsvar mellom utdanningsnivå og stilling
- f) jobbmesser, personlege møte og motivasjonsforedrag
- g) innføre mangfoldpris
- h) etablerarkurs og foredrag for auka entreprenørskap

5. Utdanning. Mål: Auka sysselsetjing gjennom målretta kvalifisering og utdanning.

Tiltak:

- a) karriererettleiing
- b) digitalt ressursbibliotek for opplæring
- c) bistand til godkjenning og komplettering av utdanning
- d) arbeidsretta kvalifisering

6. Bustad. Mål: Auka og varig busetjing av innvandrara.

Tiltak:

- a) informasjonsmateriell og praktisk bistand til bustadkjøp
- b) formidler og kontaktperson til den private utleigemarknaden

7. Fritid og familie. Mål Auka inkludering frå organisasjonar og lag, og større oppleving av inkludering og tilhørigheit og auka aktiv deltaking blant innvandrara.

Tiltak:

- a) støtte til deltaking på fritidsaktivitetar
- b) fadderordning
- c) temabasert informasjonsmateriell om norsk kvardagsliv

d) insentiv-ordningar til frivillige, lag og organisasjonar

e) nye fritidstilbod og attraktive møteplassar

Tiltaka i arbeidspakkene er omtalt i prosjektplanen.

Prosjektet er lagt opp til fleksibel igangsetjing av ulike aktivitetar i kommunane, avhengig av behov, ressursar og etterspørsel. Framdriftsplan for arbeidspakkene og dei ulike aktivitetane blir ein del av planarbeidet for gjennomføring.

Målgrupper

Målgruppa for prosjektet vil vera kommunane, privat næringsliv, frivillige organisasjonar, tilflyttarar og innbyggjarar. For offentleg sektor vil prosjektet involvera flyktingtenesta, næringsapparatet i kommunane, NAV og andre offentlege og statlege støttefunksjonar. For næringslivet vil prosjektet vende seg til bedrifter som har ansvar for rekruttering og bedriftsutvikling. Frivillige lag og organisasjonar vil bli invitert til å bidra inn i prosjektet for å ivareta 24 timar menneske.

Resultat

Resultat frå prosjektet kan til dømes vera:

- Nye arbeidsmetodar og samarbeidsformer for integrering av innvandrarar som inkluderer kommunar, bedrifter, ildsjeler og frivillige lag og organisasjonar
- Strukturert, effektiv og målretta tilrettelegging og arbeidsinkludering
- Ny og forbetra norskundervisning for innvandrarar og fleire innvandrarar som tek norsk fagbrev
- Fleire innvandrargründere, og auka sysselsetting i offentleg og privat næringsliv av innvandrarar i jobbar dei er kvalifiserte for
- Fleire fagbrev og "Fagbrev på jobb", og auka dokumentasjon av arbeidskompetanse
- Auka del av innvandrarar som vel å bli verande og busette seg varig i Sogn
- Ny innsikt og haldning om innvandrarar blant befolkninga, næringslivet og politikarar
- Fleire innvandrarar som viser engasjement og tek leiaransvar i frivillig arbeid

Effekter

Effekt som kan kome av prosjektet kan vera:

- Styrka bu-attraktivitet i Sogn
- Auka trivsel, openheit, involvering og livskvalitet blant innvandrarar og innbyggjarar elles.
- Auka kunnskap, involvering og engasjement blant innbyggjarar, innvandrarar og frivillige organisasjonar
- Auka mangfold

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Det er utarbeidd framdriftsplan for arbeidspakke 1 for oppstart og etablering. Prosjektet legg opp til at detaljert framdriftsplan for arbeidspakke 2 -7 vert utarbeidd av styringsgruppa saman med prosjektleiar og kommunane.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Aktivitetar	300 000	300 000				600 000
Arrangement og kickoff	255 000	255 000				510 000
Kontaktpersonar i kommunane	700 000	700 000				1 400 000
Møte/reiser	175 000	175 000				350 000
Næringsaktørar i kommunane	100 000	100 000				200 000
Prosjektleiar	900 000	900 000				1 800 000
Sum kostnad	2 430 000	2 430 000				4 860 000

Prosjektet går over fire år.

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Ekstern finansiering	130 000	130 000				260 000
Kommunane	1 450 000	1 450 000				2 900 000
Sogn regionråd	300 000	300 000				600 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	550 000	550 000				1 100 000
Sum finansiering	2 430 000	2 430 000				4 860 000

Søknaden gjeld delfinansiering av prosjektet for år 2020, samt grunnlag for finansiering i åra 2021, 2022 og 2023.

Geografi

1416-Høyanger, 1417-Vik, 1418-Balestrand, 1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1421-Aurland, 1422-Lærdal, 1424-Årdal, 1426-Luster

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
20190529 - Sogn for alle.pdf	492 623	29.08.2019